

Til rådmenn i kommunane i Region Nordhordland og i Vaksdal, Samnanger og Austevoll

Utviding av IKTNH og endring av samarbeidsavtalen

Regionrådet har i møte 25.01.19 i sak 6/19 gitt full tilslutning til at IKTNH bør utvidast med kommunane Gulen, Samnanger og Austevoll. Det vart gjort følgjande vedtak:

- Regionrådet støttar forslaget om at IKTNH vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger og at IKTNH vert eit eige rettssubjekt.
- Regionrådet ber NUI laga ei felles sak til kommunestyra om utviding av IKTNH og forslag til nye vedtekter.
- Regionrådet ber NUI om å vidareføra prosessen inntil det er gjort vedtak i alle kommunestyra og dei formelle fora er etablert i styringsmodellen.

Vedlagt er :

- Saksutgreiing og forslag til vedtak i kommunestyra om utviding av IKTNH og endring av samarbeidsavtalen
- Samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap (IKTNH)
- Hovudprosjekt – Utviding av IKTNH

Dersom det er ønskeleg at ein skal vera med eller hjelpe til med den kommunale sakshandsaminga eller det er ting som er uklart, så må de ta kontakt.

Me ser og at det kan vera ynskjeleg med eit orienteringsmøte spesielt med Samnanger og Austevoll. Me tar kontakt om dette.

Knarvik, 4. april 2019



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Bent Gunnar Næss
Prosjektleder